



Anne Kari Enes, her med turprogrammet for 2008, held fram som leiar av Kvinnherad Turlag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Kvinnherad Turlag hadde i fjor stor suksess med friluftsdag på Fjellandsbø og satsar på å gjenta suksessen i år, nærare bestemt 10. august. Rundt rekna 400 små og store møtte fram sist og var med i ymse aktivitetar.

Dagen før hadde Barnas Turlag indianarleir med rundt 50 som overnatta i lavvo same staden og det blir sjølv sagt ny leir i år. Dei to arrangementa vil befesta Fjellandsbøs stadig sterkare posisjon som friluftseldorado. I årsmeldinga vart grunneigaren, Sportsfiskaren Kvinnherad, familien Kristoffersen og idrettslaget takka for godt samarbeid i samband med friluftsdagen.

Det var ein solid organisasjon som gjorde opp status under årsmøtet i AFA-lokalane i Uskedalen og attvalde Anne Kari Enes frå Rosendal som leiar. Dei andre som sit i styret er Svein Bergseth frå Utåker, Sigve Solheim frå Valen, Tove Kringlebotten Apeland frå Dimmelsvik og Halvor Øvrevik frå Halsnøy.

Medlemstalet i Kvinnherad Turlag steig i 2007 med 21 til 631 etter å ha auka jamnt og trutt sidan laget vart stifta i 1998. Laget har no eit aktivitetstilbod til "alle", både med omsyn til alder og nivå. Den nye seniorgruppa som vart vedteke etablert under årsmøtet i fjor har hatt ein god start med 89 deltakarar på sju turar og i år står 11 turar på programmet. To av dei er overnattingsturar.



Sara Hjelmeland Arnesen frå Uskedalen
held fram i styret for Barnas Turlag.
(Foto: Ola Matti Mathisen).

Barnas Turlag vart i 2007 leia av uskedelingen Sara Hjelmeland Arnesen og ho held fram i styret. Laget gjennomførte i fjor fire av åtte planlagde turar, og ein av dei gjekk til Flåtene i Eikedalen. I år kjem eit nytt og spanande turopplegg for dei yngste: Orrfugl-leik på Storhaug med overnatting i lavvo frå 26. til 27. april!

I fjellsportgruppa er også ein uskedeling med i styret, Tor Vidar Sæle og også han held fram i vervet.

Ein annan sikker "vinnar" på turprogrammet kvart år sett gjennom Uskedals-brillar er vårturen på ski til Ulvanåso. Dette året blir den avvikla 30. mars. Ytterlegare ein tur til står på programmet i Uskedalen dette året. Det er ein introduksjonstur for jenter i padling den 20. juni. Vi merker oss også at uskedelingen Kjell Yri skal vera leiar av ein vekestur til Jotunheimen frå 3. til 9. august og at det allereie nå har meldt seg åtte-ni deltakarar til denne..

I fjor var det jamn deltaking på dei fleste arrangementa i laget. Men 2007 starta dårleg med laber interesse for skiturane med unntak av Nåso-turen og den like tradisjonelle og populære turen over Folgefonna. Det dårlege veret på ettersommaren må også ta skulda for mange avlysingar.

Turar med kombinasjon av natur- og kulturhistorie der ein nyttar båttransport har hatt stor oppslutnad.

I Kvinnherad Fjelltrim deltok det 99 i fjor, mot 109 året før, og ein tredjedel av deltakarane var under 15 år.

Av Ola Matti Mathisen



Friluftslivdagen på Fjellandsbø – med indianarleir i forkant – var ein stor suksess i fjor og blir nok det også i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)